

Referat frå FAU-møte:



Tid: kl.17.00-18.30

Dato: 06.11.2025

Stad: Skogsvåg skule

Oppmøte: Rektor, Ingrid Hestad 1.trinn: Silje Røys Skråmestø 2.trinn: Solvor Vik Mykletun og Martin Schei Hufthammar 3.trinn: Witze Mink 4.trinn: Kristine Andersen Midlang 5.trinn: Even Linge og Kristine Rørvik 6.trinn: Susanne Solsvik	Fråvær: 1.trinn gr 1 3.trinn gr 2 4.trinn gr 1 6.trinn gr 2 7.trinn
---	---

SAK 1. Frå skule ved rektor:

- **Økonomi:** Meirforbruk på 1,1 millionar pr.oktober knytt for mange stillingar skuleåret 24-25. Skuleåret går fra haust til haust, mens budsjettåret går frå januar til januar. Meirforbruk har vore orientert om tidlegare i vår, og det vart justert ressursar rundt påske. Det vart meldt om eit overforbruk på 1,5 millionar til sommaren, men skule har henta inn ein del av meirforbruket. Hausten 2025 styrer ein så godt som i balanse. Det er veldig tydeleg formidla frå oppvekstleiing og kommuneleiing at ein ikkje skal bruke meir enn tildelt budsjett. Ein må halde budsjett, og ein får ikkje meir ressursar. Alle kan følgje med på kommunestyremøta om korleis prosess knytt nytt budsjett går føre seg for 2026.
- **Utviklingsplan:** Rektor fortel om DEKOMP (desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skolen), der Skogsvåg skule deltek dei neste 2 åra. Tema Skogsvåg har valt er TRYGG og bestilling frå DEKOMP handlar om å utvikle profesjonsfellesskapet. Rektor fortel vidare om arbeid med TRYGG og dysleksivenleg skule. Skulen har i haust utvikla eit eige felles årshjul for arbeid med TRYGG, og heile skulen jobbar med felles mål og arbeid knytt tema. Det skjer mykje godt arbeid både i skule og SFO.
- **Skulemiljø, handteringsplan:** Førre FAU-møte vart det diskusjon på bestilling frå rektor knytt vald og språkbruk. Rektor viser handteringsplakat som er laga og FAU er positive. Den er tydeleg, og det er viktig for både elevar og tilsette å vere TRYGG i korleis ein skal respondere på ulik åtferd. Felles praksis er trygt for alle. FAU diskuterte vidare konsekvens ved hærverk. Det vart bestemt at 50kr symbolsk sum skal «vekk», fordi FAU meiner at dette er noko føresette betaler for elevane. FAU ønskjer ein lik praksis for alle, og det er: *at føresette saman med elev dersom mogleg skal reparere det som er øydelagt.* Eventuelt; *ønskjer dei at rektor finn arbeid som trengs t.d kosting av skuleplass. Då må føresette og elev møte opp og dei må utføre oppgåve etter avtale.* FAU forventar at føresette tek dette på alvor og stiller opp

dersom nokon kjem til konsekvens. Ingen skal øydelegge ting med vilje, og dersom ein gjer det må elev saman med føresette ordne opp.

- **Aktuelt frå skule:** 7.trinn er med på 12.rette, utviklingssamtaler gjennomført, mattelab pågår, nasjonale prøver er gjennomført på 5.trinn og elevundersøking pågår på mellomtrinnet. FAU-møte neste gong vil rektor gje meir informasjon om resultat.
- **Jul:** juleavslutning er den 16.12 kl.18.00. Skule gjer klar stoler, scene og øver inn program. FAU er igjen for å rydde og koste. FAU kjem med godteposer (1 melkesjokolade til kvar) + nisse. FAU tek over på slutten av program. Invitasjon til juleavslutning lager FAU og sender til rektor, avslutninga er i regi av FAU. Lærer Åsgeir har rigga ned scene og lyd, rektor spør lærar om dette. FAU må skrive på Facebook knytt juleavslutning og nisse, 2 frå kvar klasse. På sjølve dagen må skule gje beskjed til FAU når det er siste nr, då skal nissene gjere seg klare. Yngre søsken kan vere med og maks 2 pr.elev. FAU stiller med brannvakter, 5 vakter. 2 nisser og 1 brannvakt frå kvart trinn.
- **Elevrådet:** gullhengar, gullmunn, temafredag, reflekskonkurranse. Går runder i klasserom, skal gå ny runde når handteringsplakat skal informerast om. Veldig engasjert elevråd med faste møter og arbeid. FAU er svært positive til gullmunn og gullhengar. Dette er det fleire som snakkar om heime, og det er konkret.
- **Skulefråvær:** rektor orienterer om plan for bekymringsfullt fråvær, og rektor gav felles informasjon om plan på foreldremøte i haust. Rektor skal vere restriktiv med å godkjenne permisjonssøknader, og søking om permisjon til ferie/fritidsreiser skal begrunnas godt og vurderast nøye av rektor. Plan og rutiner er like for heile kommunen. FAU tek opp at det er problematisk når ein del arrangement for idrett legg opp til at ein må ta fri ein fredag. FAU spør om det er mykje søknad om permisjon, rektor svarar at det er ein del. Rektor kan innvilga inntil 10 dagar, men det skal begrunnas godt.
- **Tilbakemelding frå rektor på sak, ref. gamlebygget:** rektor melder tilbake prosess ift. status kapasitet gamlebygg og bekymring frå føresette 5.trinn. Rektor vil sende skriftleg status igjen på sak med oppdatering. Det er eit avvik frå miljørettahelsevern haust 2024 som handlar om kapasitet i gamlebygget. Rektor har vore i fleire møter og prosesser knytt dette. Rektor ventar no på eit nytt møte mellom oppvekst, eiendom og kommuneoverlege. FAU ønskjer å presse på/skrive noko skriftleg dersom det ikkje kjem gode løysingar. Pr.no er løysinga utbygging/utbeidring eller auka ressursar til mellomtrinnet som kan gjere at trinna er delt. Rektor orienterar FAU igjen når ny info kjem.
- **Tilbakemelding på spørsmål knytt dusjing frå førre møte:** rektor seier at det er litt ulik praksis, men at foreldre på foreldremøte vert einige om korleis ein skal gjere dette saman med lærar. FAU fortel om at ein på 6.tr t.d opner fleire garderober, jentene kan dusje i fleire garderober. FAU lurar på kva som gjer at ikkje elevane dusjer. Rektor skal ta sak opp igjen, men er tydeleg på at det nokre gonger dersom ein har 1.time gym opplever det som problematisk med dusjing då det tek mykje av

undervisningstida. Føresette ønskjer dialog med lærar dersom dette er vanskeleg. FAU lurar på om det kunne vore ein ide å dusje frå tidlegare? Kunne elevane dusja i gym når dei går på bading, frå 4.trinn og oppover?

SAK 2. Tilbakemelding frå arbeidsgrupper:

- Skjerm, SOME:

Arbeidsgruppa har utforma felles plakat med anbefaling frå FAU. Denne kjem ut til alle føresette, og FAU oppmodar alle føresette til å følgje dei anbefalingane som kjem.

Angående felles tema foreldremøte, politi har ikkje opplegg for barneskule. FAU har tatt kontakt med Barnevakten. Kostnad på 12 000,- + reiseutgift. Det blir då ein kveld der foreldre kjem i Sundhallen+ eit opplegg der dei kjem i skuletid. FAU ønskjer dette så tidleg som mogleg. Gruppa skal undersøke vidare med barnevakten. FAU ønskjer å dekke dette for skulen på våren, og tek kontakt med rektor igjen når detaljar er avklart.

FAU vil melde sak til FAU-kommunalt knytt kostand barnevakten. Dette burde FAU samkøyre mellom skulane. Alle skulane i Øygarden burde ha dette som tilbod.

- Busstilbod og trafikktrygleiksplan:

Ingen frå gruppene var på møte og kunne melde tilbake. Arbeidsgruppa skal melde til FAU-leiar og nestleiar korleis det går, status.

- Ferie-SFO/tilbod SFO:

FAU ventar framleis på nokre svar frå føresette. Dei lurar på om SFO har oversikt over kor mange elevar som bruker SFO frå opning og heilt til stenging. Rektor skal undersøke med SFO-leiar. FAU-leiar skal utforme eit skriv som skal sendast til SFO-ansvarleg i kommunen (kontaktinfo er sendt til FAU og står på førre referat).

SAK 3. Oppmerking på parkeringsplass:

- Rektor har meldt sak inn og fått beskjed frå drift om at dette skal kome ifb. oppgradering av Sundhallen. FAU ønskjer overgangsfelt frå bakken ned og frå Sundhallen. Ønskjer merking av parkeringsplasser på midten. Rektor tek sak vidare.

SAK 4. Busskur i Midtstegen:

- FAU ber dette vere sak for trafikkgruppa.

Eventuelt:

- **Gapahuk:** FAU kan dekke kostand av material. Skule er i dialog med Sotra VGS om dei kan utføre jobben.
- **Kommunalt FAU:** nestleiar Tetyana, frå Skogsvåg. Saker til kommunalt FAU frå Skogsvåg skule: barnevakten + skjerm og SOME.
- **Julegrantenning:** FAU vil arrangere julegrantenning, måndag 01.12 kl.18.00. Ta med lys sjølv. Felles julesong. Invitasjon kjem frå FAU, skule vil sende den ut i Vigilo.
- **Jul:** FAU kjem med juletre + julelys (lys flaggstong + til skur). FAU må avklare kven som kjem med juletre.

Neste møte: *Tirsdag 27.01 kl 17:00 - 19:30. Dersom FAU har behov for møte før dette knytt arbeidsgrupper eller anna t.d 17.mai tek FAU-leiar kontakt med rektor.*